

Retro Brukthandel - ein suksess.

05.07.2016



Merete Brethson og kollegene hennar har mykje flott og godt å by på!

Etter at Retro Brukthandel vart starta i desember 2013 har den vorte svært populær. Retro er ein avdeling under Kvinnherad Vekstbedrift AS, og den vert driven i samarbeid med NAV og Møteplassen Aksen som også har arbeidstreningsplassar der. Tiltaket vart så populært at butikken måtte etter kort tid flytta til større lokale.



No håpar dei finveret skal overta for regnet slik at dei får nytta uteavdelingen i cafèn.

Då Retro Brukthandel starta opp like før jul 2013, heldt dei til i same hus som postfordelingssentralen i Husnes sentrum. Tiltaket vart så populært og responsen vart så god at dei alt etter kort tid måtte sjå seg om etter større lokale. Resultatet vart at butikken blei flytta til forretningsbygget ved Hellandsbrua. Der fekk dei ikkje berre store, flotte og oversiktlege lokale. Dei fekk også plass til Retro Cafè som også gjev gode arbeidstreningsplasser samstundes som det er eit flott tilbod til kundane.

Dagleg leiar ved Kvinnherad Vekstbedrift AS, Tor Vidar Sæle, kunne fortelja at dei er så fornøgd med tiltaket og aktiviteten rundt det, at dei nyleg tilsette Merete Albrethson i ei prosjektstilling på eitt år som avdelingsleiar. Denne oppgåva har tidlegare vore løyst av tilsette ved KV i Uskedalen.

Merete Albrethson kan fortelja om veldig god tilstrøyming av kundar, men så har dei jammen også eit breitt og interessant vareutval til kjekke prisar. Ho fortel at dei sel veldig mykje møblar, og det hender også at kundar kjem over nokre skikkelege skattar. Dei tar mot alle mogelege varer til hus og heim unntake kvitevarer og madrasser. Varene dei får inn skal vera reine og helle. Med det gode butikkarealet dei har no, vert varene oversiktleg og fint utstilt.

Merete fortel at det er svært mange som er flinke til å levera inn varer til dei. Det får vi understreka ved at det i løpet av det korte intervjuet, på ein stille og roleg mandag føremiddag, er det fleire som kjem innom med varer. Vanlegvis hjelper dei også til med varehenting, men det gjeld ikkje i juli, for sjåførar og beremannskap må også ha ferie. Derimot tar dei med glede mot varer også denne månaden, men ønskjer at det er beremannskap med om det er tunge ting.

Retro Cafè er også populær. Kundane set pris på å setja seg ned og slappa av. Dei har gode kaker og påsmurte rundstykke i disken kvar dag. Kakene vert laga i Uskedalen då dei har godkjent kjøkken der.

- Av og til glimtar vi til med både vafler, pitapizza og anna godt i tillegg, fortel avdelingsleiaren.

Det er også ein uteplass i tilknyting til Retro Cafè, og no håpar dei på betre ver slik at kundane også skal få gjera seg nytte av den. Også i cafèen er det svært kundevennlege prisar.

Mange ser stor gevinst i gjenbruk. Retro Brukthandel og Cafè ved Hellandsbrua er blitt ein suksesshistorie både for kundar, arbeidstakrar og dei som leverer varer. Mange uskedlingar ser og verdien i å bruka tilboden. I juli har dei ferieopningstider frå kl.10.30 til 15. I august er dei tilbake til ordinære opningstider. Då er dei også i gang med henting av varer att.

Elles nemmner vi at dei har eiga facebook-side. Den er fin å bruka når ein skal halda seg oppdatert.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland